

VELKOMMEN TIL VINJAR SKULE

SKULEÅRET 22/23



Alle barn og unge i
Suldal opplever
læring og meistring
i eit inkluderande
miljø kvar dag!

EI HELSING FRÅ REKTOR

KJÆRE ALLE FØRESETTE, ELEVAR OG TILSETTE VED VINJAR SKULE VELKOMMEN TIL NYTT SKULEÅR!

Eg ynskjer alle elevane velkommen til eit nytt og lærerikt år på Vinjar skule. Særskilt velkommen til dei som startar i 1. klasse! Me har dei siste åra hatt ekstra fokus på eit trygt og godt skulemiljø. Dette arbeidet skal me halde fram med, og i større grad inkludere både elevar og føresette i prosessen. Berre gjennom godt samarbeid og god kommunikasjon, kan me lukkast i nå dei måla me i fellesskap set oss.

Me oppfordrar både føresette, elevar og tilsette til å ta sosialt ansvar: (Til deg som føresett, oppmuntre barnet ditt til å ta sosialt ansvar. Be dei☺)

- Sjå etter om nokon står åleine/utanfor leiken
- Ta kontakt me dei og inkluder, både på skulen og på fritida.

Gode haldningar og handlingar har lett for å spreie seg!

Beste helsing Laila Røkenes
Einingsleiar/rektor

PÅ VINJAR SKULE MØTER DU

Alle dei flotte elevane våre!

Rektor/einingsleiar: Laila Røkenes 99732273
laila.rokenes@suldal.kommune.no

Nestleiar: Hege Hiim Steine 92284585
hege.hiim.stein@suldal.kommune.no

Kontaktlærarar:

1.kl Ellen Synøve Hoftun 91595514
ellen.synnøve.hoftun@suldal.kommune.no

2.kl Marta-Brit Lunde 97051123
marta.brit.lunde@suldal.kommune.no

3.kl Stina Øen 97068516
stina.øen@suldal.kommune.no

4.kl Marta Bakka Lunde 95863167
marta.bakka.lunde@suldal.kommune.no

5.kl Dagfinn Nesbø Havrevoll 95100792
dagfinn.nesbo.havrevoll@suldal.kommune.no

6.kl Jon-Inge Vetrhus 92831920
jon.inge.vetrhus@suldal.kommune.no

7.kl Torunn Vik 41141739
torunn.vik@suldal.kommune.no

Faglærarar:

Annette Berge 91886171
annette.berge@suldal.kommune.no

Marta-Brit Lunde 97051123
marta.brit.lunde@suldal.kommune.no

Ingunn Sundfør Nerheim 99709649
ingunn.sundfor.nerheim@suldal.kommune.no

Åshild Sandvik 99160315
ashild.sandvik@suldal.kommune.no

Fagarbeidarar:

Åse Eide 90194090
ase.eide@suldal.kommune.no

Brita Sofie Moe Nærheim 98816116
brita.sofie.moe.naerheim@suldal.kommune.no

Vaktmeister:

Øystein Lofthus 95286806
oystein.lofthus@suldal.kommune.no

Reinhaldar:

Elisabeth Sagsveen
elisabeth.sagsveen@suldal.kommune.no

Bibliotekar:

Valborg Sandal 52794804
Valborg.sandal@suldal.kommune.no



Transponder

På Vinjar nyttar me transponder for kommunikasjon mellom heim og skule. I transponder finn du meldebok og fráværregistrering. I meldeboka sender og mottek du meldingar. I fráværregistreringa melder du inn sjukdom og anna frávær.

- last ned appen på mobilen
- Logg inn med ID-porten første gang
- Set passord eller pin-kode for seinare pålogging

Treng du meir hjelp , så spør ein av oss eller gå inn på: <https://transponder.no/hjelp>

PS! Fint om de legg inn melding før 08:00.

Skulekvardagen

START OG SLUTT

Skulen startar kl. 8:15 kvar dag og sluttar 13:55.

- Onsdag sluttar skulen 12:30 for alle.
- Fredag sluttar skulen 12:30 1. til 4. trinn

1. - 4. trinn

1. økt	08:15 – 09:30
friminutt	09:30 – 09:40
2. økt	09:40 – 10:30 mån, tys, tor 09:40 – 10:40 ons. fred
matfriminutt	10:30 (40) – 11:30
3. økt	11:30 – 12:30
friminutt	12:30 – 12:55
4. økt	12:55 – 13:55

5. til 7. trinn

1. økt	08:15 – 09:30
friminutt	09:30 – 09:40
2. økt	09:40 – 10:40
matfriminutt	10:40 – 11:30
3. økt	11:30 – 12:45 11:30 – 12:30 ons.
friminutt	12:45 – 12:55
4. økt	12:55 – 13:55

NB! Hugs innesko dersom du ikkje ønskjer å gå på sokkar inne. Det er ikkje lov med utesko i klasserommet 😊

SHOWBIE



Vinjar skule brukar showbie.com som ein elektronisk læringsplattform. Her vert det lagt ut undervisningsopplegg og oppgåver. Her finn du vekeplanar med arbeide som skal gjerast på skulen og heime. Her kan lærarane og legge inn respons på det arbeidet elevane har gjort.

Nettside

www.minskule.no/vinjar Om de ynskjer det, kan de abonere på sida: Det kjem varsel når sida vert oppdatert.

Denne finn de til høgre på startsidea:



Abonner på nyheiter



Abonner på RSS

Nettside

På nettsidene våre finn de informasjon av ulik art:

- Informasjon **råd og utval**
- Rettleiar for **Trygt og godt skulemiljø**
- Rettleiar for **Nærvær og fråvær i barnehage og skule**
- Rettleiar for **Betre tverrfagleg innsats**
- Informasjon om **skulehelsetenesta**
- Ulike skjema
- SFO: **opningstider, aktivitetar, betaling mm,**
- **Ordensreglar** for Suldalskulen og Vinjar skule
- Informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø **§ 9A**
- Oversikt over symjeopplæring

Me vil og halde dykk oppdatert med å legge ut ulike hendingar frå skulekvardagen og aktivitetar på SFO

Elevråd

FAU

Om skulen

Samarbeid barnehage-skule

Samarbeidsutvalet

SFO

Skulehelsetenesta

Skulemiljøutval

Skuleskyss

Utleige gymsal

LÆRING MED LÆRINGSBRETT

På Vinjar skule har alle elevane læringsbrett (iPad) som blir nytta til undervisning og heimearbeid. Teknologi og digitale ferdigheiter er ein av ferdigheitene som elevane skal meistra i følgje læreplanen. Dette er basert på forskning om kva kompetanse dagens elevar vil koma til å måtte trenga i framtida. Digitale ferdigheiter skal vera ein integrert del av opplæringa i alle fag.

Læringsbretta vil likevel ikkje fullt ut erstatta andre metodar og verktøy for læring. Læringsbretta blir nytta når det er hensiktsmessig for det elevane skal læra. Skulen vil framleis nytta blyant og papir, der det er hensiktsmessig.

- Føresette må skrive under på digital kontrakt for læringsbrettet.
- Brettet skal ladast heime, leggest i mappa og puttast i sekken

SYKLE OG GÅ TIL SKULEN

Fysisk aktivitet er viktig. Me oppmodar derfor at dei som bur nær går eller sykklar til skulen. Føresette avgjer når deira barn er moden nok til å sykle.

- Sjekk sykkelen jamleg, spesielt viktig er bremsene!
- Alle som sykklar til skulen skal bruke hjelm
- Alle som går eller sykklar må hugse refleks i mørketida.

SKULEMJØLK

Skulemjølk bestiller føresette sjølv på nett. Gå inn på www.skolelyst.no

LEKSER

Elevane får heimearbeid som dei skal gjera etter skuletida, for å fremje elevane si læring. Leksene skal vere eit arbeid som bygger på/vere ein repetisjon av det arbeidet elevane har gjort på skulen. Leksene skal vere tilpassa den enkelte elev, og me oppmodar foreldra til å ta kontakt om de ser at barnet ditt treng ekstra tilpassing.

TRIVSESLEIARAR

På Vinjar skule vel vi kvart år trivelsesleiarar frå mellomtrinnet, som skal vere med å organisere nokre friminutt i veka. Det skal bidra til samhald og eit trygt og godt skulemiljø, der alle vert inkludert.

Les meir på www.trivselsleder.no



FRÅVÆR

Når ein elev må vere borte frå skulen grunna sjukdom eller liknande, er det viktig at skulen får melding om dette så snart som råd. Send melding på transponder. For å sikre at den blir sett, bør ein sende før 08:00.

FRÅVÆR PÅ GRUNNLAG AV PERMISJONSSØKNAD

Opplæringslova § 2-11 seier: *Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gje den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

For å få innvilga permisjon etter § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngeven.

- Fri **for inntil 2 dagar**, vert handsama av kontaktlærar.
- Søknad som omfattar **meir enn 2 dagar**, vert handsama av einingsleiar/rektor. Ein skriftleg søknad må vera skulen i hende *minst 14 dagar før* det planlagde fråværet.

<https://www.suldal.kommune.no/sd/skjema/SKO052/>

Vinjar SFO

- SFO er open frå 07:15 til 16:15
- Inngangen er nede ved biblioteket
- Dei som ynskjer det, tek med frukost og et den på morgonen før skuletid
- På ettermiddagen et me nista i klasserommet før me går ut.

PS! Lurt med to nisteboksar, ein til SFO og ein til skulen.

- Meldingar sender de på transponder. Me må ha melding om dei skal gå heim sjølv.
- Om det ynskjer avtalar som gjeld kvar dag eller faste dagar, berre gi beskjed 😊
- Me brukar dei same bytekleda som dei har på skulen, treng ikkje eigne på SFO.
- I høve feriar og fridagar vert det sendt ut påmelding-skjema på transponder.
- Borna vil ha ein primærkontakt på SFO som har særskilt ansvar for han/ho.
- Det vert laga ein plan for aktivitetar, der borna får vere med å velje.

Tilsette på SFO skuleåret 2022/2023

- Sissel Berge ons, tor.
- Åse Eide
- Brita Sofie Moe Nærheim
- Eli Marie Haaranes man, tys, fred.
- Klara Nerheim fram til jul
- Kristina Steine lærling

PRISAR OG BETALINGBETALING SFO

Stortinget har vedteke gratis kjernetid (12 timar pr veke) i SFO for alle 1.klassingar.

Ordning	Betalingssatsar frå 01.01.22	Betalingssatsar 1.klassingar
SFO 1 kortdag	kr 1 300	Gratis
SFO 2 Langdag	kr 2 480	kr 1 180
SFO 4 Full ferie	kr 520	kr 360
SFO 5 Feriepakka (3 veker)	kr 380	kr 270
Ekstra dag SFO (når det er skule)	kr 160	

- **SFO 1** Kort dag = del av dag før og etter skulen, lokale tilpassingar 07: 15 til 15:00 eller 13:55 til 16:00
- **SFO 2** Langdag = frå kl. 07:15 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16:15 (lokal tilpassing Vinjar sfo)
- Der det er tre barn eller mindre som har behov (SFO), skal tilbodet samordnast med barnehagen.
- Ferielukking av nokre barnehagar kan vera aktuelt dersom ein sikrar at barna likevel har eit tilbod.
- Månadsbetalinga skal reknast etter opphaldstid i vanleg skuleveke og skal ikkje overgå meir enn 6% av inntekta til familiar med barn som går i SFO.
- For fullt skuleår (følgjer skulerute) skal det betalast for 10 månader (halv betaling i juni

og august og inga betaling i juli). SFO er stengt i veke 27, 28, 29 og 30.

- Barn i 5.-7. klasse med særskilte behov har rett på gratis SFO dersom lege eller anna faginstans har gitt skriftleg tilråding om at barnet bør gå i SFO.
- Fristen for oppseiing er oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad.
- Det vert gitt 30 % søskenmoderasjon i prisen for 2. barnet og 100 % søskenmoderasjon frå 3. barnet familien har i barnehagen eller SFO. Det yngste barnet betalar full sats.
- Ved kjøp av ekstra dag så skal det betalast kr 160,- for skuledag (SFO før og etter skuledagen). Det er ikkje søskenmoderasjon på kjøp av ekstra dag.

Kommunedirektøren kan ved manglande betaling sei opp tildelt plass i SFO jfr vedtekter § 6

SAMARBEID SKULE – HEIM

Me ynskjer eit godt samarbeid med alle heimane!

Elevane har krav på at dei vaksne på skulen ser dei og prøver å ta individuelle omsyn så langt råd er. Difor har me faste rutinar for samarbeidet:

Kvar klasse har 2 klasseforeldremøte pr. år og 2 kontaktmøte (om lag 30 min. pr. elev). Kvar klasse vel 2 foreldrerepresentantar som er med for å planlegge delar av felles foreldremøte, og elles tek initiativ til felles aktivitetar for klassen utanom skuletid (t.d. tur, grilling, elevkveldar o.l.) Desse er og medlemmer av FAU.

Innspel: Me er opptekne av godt samarbeid og ønskjer at terskelen er låg for å ta kontakt mellom heim og skule.

Me forventar at føresette informerer kontaktlærar eller leiing dersom det skjer noko innan familien som det er sannsynleg at eleven vert påverka av (t.d. alvorleg sjukdom/død hos nær slektning, planar om flytting, separasjon, eller liknande).

Oppfordrar vaksne til å framsnakke skulen og ta kontakt dersom det er spørsmål eller innspel.

Me gler oss til eit godt samarbeid!

SKULERUTA 2022/2023

Velkommen til skulen
 måndag 22. august
 kl. 08:15

Månad	Ferie/fridagar	Elevdagar
August	Planleggingsdag 17., 18. og 19.august. Oppstart for elevane: 22. august	8
September	Elevfri: måndag 19.september (planleggingsdag)	21
Oktober	Haustferie: 10. - 14.oktober (veke 41)	16
November	Elevfri: fredag 11.november (planleggingsdag)	21
Desember	Siste skuledag før juleferie: torsdag 22.desember	16

Månad	Ferie/fridagar	Elevdagar
Januar	Oppstart etter juleferien: måndag 2.januar. Elevfri: 23.januar (planleggingsdag)	21
Februar	Vinterferie 27. - 28.februar (veke 9)	18
Mars	Vinterferie 1. - 3. mars	20
April	Påskeferie 3. - 10.april Oppstart etter påskeferie: tysdag 11.april	14
Mai	Fridagar: 1.mai, 17.mai, 18.mai (kr. himmelfart), 19.mai, 29.mai (2.pinsedag)	18
Juni	Siste elevdag: fredag 23.juni	17

Sum elevdagar skuleåret 2022/2023 er 190.
 SFO er stengd på skulen sine planleggingsdagar.